



Frode Kroka gjer bilen sin, Chevrolet Chevelle 1965 modell, klar for Amcartreffet.

**Det ligg mykje arbeid bak klargjering av veteranbilar og sykklar til Amcar treffet på Husnes i dag. Uskedalen.no fekk vera med då Frode Kroka med hjelp av Morten Eik brukte 4 timar på vask og polering av Chevrolet Chevelle 1965 modell. Frode Kroka har fire bilar som høyrer til veteranklassen, mellom dei ein Mustang og ein Pickup.**

Kvinnherad Amcarklubb med tilsaman 20 frivillige hjelparar er tilskipar for det som vert kalla Årets vårmønstring på Solplassen. Rune Enæs frå Uskedalen har ein sentral rolle i planlegging og gjennomføring. Grunna ombygging av Aksen er samlingsplassen ved Rema 1000 i år. Publikum er engasjert i å plukka ut dei fem beste bilane som verte premierte.

Frode Kroka sin Chevrolet er kjøpt i Kvinnherad i 2004. Han har bygd om bilen frå fire dørar til todørs. Elles har Kroka brukt mykje tid og pengar på bilane sine. Han reknar ikkje med å vera mellom vinnarane. Det manglar nemleg nokre lister. Elles er bilen komplett og i topp stand.



Morten Eik har spesialisert seg på vask og polering av bilar.

Uskedalen.no fekk eit innsyn i kva det vil sei å gjera ein veteranbil klar for utstilling. Fyrst er det nedvask der ein fjernar gamal voks. Bilen må vera heilt rein og turr før ein går vidare i prosessen. Så er det lakkrens ved å leggja på ein mild voks, som igjen skal polerast. Neste steg er hardvoks, ein spesialvoks som vert brukt på bilar som skal på utstilling. Etter 10 minuttar er det ny polering. Arbeidet vert avslutta med sprayvoks. Neste dag er bilen klar, men alt støv må spylast bort.

Morten Eik syner stor interesse for polering og stell av bilar. Han har eit rikt utval av voksar og utstyr for vask og polering. Morten gjer det meste av innkjøpet frå spesialbutikk i Haugesund.

Vi er ikkje kjende med om det elles er deltakarar frå Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal